



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/14 - 12
--------------------------------	--------	-----------------------------

Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort i Lærdal - 2026-28

Kort samandrag:

Lærdal bestandsplanområde for hjort søker om ny bestandsplan for perioden 2026-28. Hovudmålet i bestandsplanen er å stabilisera bestanden på dagens nivå. Det vert også søkt om årleg støtte frå viltfondet til drift i planperioden.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16, godkjenner Lærdal kommune omsøkt bestandsplan for hjort for perioden 2026-2028. For å imøtekomme nasjonale råd om låg bestandstettleik av hjort kring Nordfjella, oppfordrar Lærdal kommune likevel til høgare felling enn bestandsplanen legg opp til.

Med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort og Lærdal kommune - Retningsliner for bruk av viltfondet, løyver Lærdal kommune årleg tilskot på 40 000 kr til Lærdal bestandsplanområde for hjort i planperioden, totalt 120 000 kr. Midlane skal belastast det kommunale viltfondet.

Vilkår: Utbetaling av løyvd tilskot skjer etter innsending av godkjend rekneskap.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova §§ 8-12.

11.06.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 056/26 Vedtak

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16, godkjenner Lærdal kommune omsøkt bestandsplan for hjort for perioden 2026-2028. For å imøtekomme nasjonale råd om låg bestandstettleik av hjort kring Nordfjella, oppfordrar Lærdal kommune likevel til høgare felling enn bestandsplanen legg opp til.

Med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort og Lærdal kommune - Retningsliner for bruk av viltfondet, løyver Lærdal kommune årleg tilskot på 40 000 kr til Lærdal bestandsplanområde for hjort i planperioden, totalt 120 000 kr. Midlane skal belastast det kommunale viltfondet.

Vilkår: Utbetaling av løyvd tilskot skjer etter innsending av godkjend rekneskap.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort og tilskot til drift i perioden 2026-2028
Bestandsplan for Lærdal bestandsplanområde 2026-2028_godkjent av årsmøtet
Budsjett Lærdal bestandsplanområde 2026-2027
Forvaltning av hjortevilt kring Nordfjella villreinområde
Forvaltning av elg og hjort i og rundt Hardangervidda- og Nordfjella villreinområder

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt
Lov om forvaltning av naturens mangfold (NML)

Saksutgreiing

Frå Lærdal bestandsplanområde for hjort ligg det føre søknad om godkjenning av ny bestandsplan for perioden 2026-2028 og støtte til drift.

Førre bestandsplan for hjort i Lærdal var for perioden 2023-25. Hovudmålet i denne var ein reduksjon i bestandsstorleiken, primært av omsyn til problematikken kring skrantesjuka (CWD). Lærdal bestandsplanområde for hjort meiner at deira mål om reduksjon vart nådd i perioden. Årsmøtet til bestandsplanområdet godkjende 12. mai 2026 styret sitt framlegg til ny bestandsplan. Her kjem det fram at dei søker om ein plan som har som hovudmålsetjing å stabilisera bestanden på dagens nivå. Det vert lagt opp til ein årleg felling på ca. 420 hjort, spesifisert på kjønn og alder. Tanken er at ein slik felling korkje skal gi vekst eller reduksjon totalt sett. Det er søkt om like mange løyve til alle valda, uavhengig av kor i kommunen valda ligg og om dei har opplevd stor eller liten bestandsreduksjon dei siste råra. Sånn sett er dette ein «solidarisk» fordeling av kvota. Ulempa er at ikkje hjorten fordeler seg likt, så dette krev samarbeid mellom grunneigarar og område om ein skal få nytta fellingsløyva.

Søknad om bestandsplan skal handsamast i Formannskapet. Årleg løyvetildeling vert gjort administrativt med utgangspunkt i vedteke bestandsplan.

Økonomiske konsekvensar

Det vert søkt om årleg støtte på 40 000 kr i planperioden 2026-28, totalt 120 000 kr. Omsøkt beløp er om lag kva rekneskapen for 2025 og budsjettet for 2026 syner.

Lærdal kommune sitt viltfond hadde pr. 31.12.2025 ein saldo på 218 000 kr. Utgiftene har i mange år vore høgare enn inntektene, primært grunna store utgifter til offentlege ettersøk. Viltfondet er styrka med totalt 350 000 kr over det kommunale driftsbudsjettet dei to siste åra for å dekkja dette underskotet. På den måten er det framleis kapasitet til å støtta det som skal vera fondet sin primærfunksjonen, nemleg bestandsplanlegging og grunneigarsamarbeid.

Vurdering

Ein bestandsplan for hjortevilt skal vurderast etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt. §15 i forskrifta legg føringar for sjølve planen. §16 legg føringane for kommunen sin handsaming. Noreg har eit mål om å avgrensa og, om mogleg, utrydda klassisk skrantesjuka. Lærdal må difor også forhalda seg til dei nasjonale føringane for å nå dette målet. Lærdal kommune har i mange år jobba for å leggja til rette for høg felling og bestandsreduksjon.

Oppstarten av arbeid med reetableringsplan for villrein i Nordfjella sone 1 i 2025 skapte ein forventning i Lærdal om at brakkleggingsperioden var over og at det var meir «fritt fram» for bestandane av hjort og elg kring Nordfjella. Lærdal bestandsplanområde for hjort signaliserte vinteren 2025/26 at dei ønska å laga ein bestandsplan med lite fokus på skrantesjuka. Kommunedirektøren etterspurde difor oppdaterte signal frå sentrale styresmakter om korleis kommunane kring Nordfjella skulle forhalda seg til tematikken. Styret i bestandsplanområdet var involvert i e-postar og i møte om problematikken. I mars 2026 sendte Landbruksdirektoratet, Mattilsynet og Miljødirektoratet eit brev til kommunane kor dei framleis oppmoda til låge bestandstettleiker av hjortevilt for å førebyggja smittespreiing av skrantesjuka. Dette brevet vart vidaresendt til styret i bestandsplanområdet, saman med eit følgeskriv (sjå vedlegg for desse dokumenta).

Litt forenkla handlar det framleis om at dess færre hjortedyr som oppheld seg i områda kor smitta villrein har vore, dess mindre er sjansen for at hjort/elg/rådyr vert smitta. Det er all grunn til å tru at bestandane av hjortevilt er reduserte i Lærdal, samanlikna med 2016 då skrantesjuka vart påvist. Likevel er hjortebestanden utvilsamt fleire gonger så stor som anbefalt.

Akkurat kor mykje bestandane er redusert, er det ingen som har fasiten på. Vårteljingane antyd at det har vore nedgang ein del år, men samstundes skal ein ikkje lenger enn om lag 15 år tilbake i tid før dei same mengdene hjort vart talde på våren i Lærdal. Flest hjort vart talde i 2017 og 2018. Sett-hjort tala er litt utfordrande å bruka no, i og med at i den same perioden som det har vore mål om reduksjon, har jegerstanden i stor grad teke i bruk termisk optikk i jaktutøvinga. Dette endrar vesentleg oppdagbarheita til dyra og såleis indeksen som beskriv utviklinga i bestandstettleik. Likevel kan ein i dette materialet sjå at områda som ligg i sidedalføra, t.d. Erdal/Vindedalen/Tynjadalen/, har ein større reduksjon enn Lærdal kommune samla sett. Dette samsvarar med tilbakemeldingane frå valda som er tydelege på at dei opplever ein vesentleg lågare bestandstettleik. Dette er positivt sett i eit smittevernperspektiv, i og med at dette er areal opp i mot den sanerte Nordfjella sone 1.

Dei oppdaterte signala frå sentrale styresmaktar (inklusive ny forskning), kunnskap om bestanden i Lærdal og resultata frå testing av hjortevilt i området, utgjer kunnskapsgrunnlaget i problemstillinga med skrantesjuka (jf. NML §8). Det kan ikkje seiast at det er full forståing for korkje sjukdommen og smitte/spreiingspotensial, eller bestandane kring dei smitta fjella. Men det er ein aukande forståing for at konsekvensane ved ein eventuell smittespreiing, til dømes til hjort, vil vera dramatiske. Difor er det framleis viktig å leggja føre-var-prinsippet til grunn (jf. NML §9), sjølv om Nordfjella sone 1 er sanert og ein no jobbar mot ein plan for reetablering.

Samarbeidet med jaktrettshavarane, som no har søkt om ny bestandsplan, er viktig. Utan jegerane vert det ikkje felt eller prøveteke mange dyr. Samstundes er ein heilt avhengig av ei felles forståing for at skrantesjuka faktisk *er* ein trussel. Denne pedagogiske delen av problematikken har nok fått for lite plass. Det hadde vore lettare å få til ein større reduksjon om grunneigarane og jegerane hadde same oppfatning av trusselbiletet som Mattilsynet og Veterinærinstituttet.

Det er fleire ekstraordinære verkemiddel som er iverksett for å leggja til rette for høgare felling kring Nordfjella. Felles landbrukskontor ÅLA har vore initiativtakar til fleire av desse. Til dømes er det utvida jakttid på hjort (jaktstart 15. august, og jakt heile januar) kring Nordfjella og Hardangervidda. Det er også søkt om, og tildelt, fri kvote på hjortekalv i Lærdal for sesongen 2026/27. Fri kvote på hjortekalv vil, samen med omsøkt løyvemengde, mogleggjera veldig høg felling. Men av erfaring veit ein at det skal mykje til for å få felt meir enn 400-450 hjort i Lærdal, uavhengig av kor mange løyve som er i spel. Sjølv ved over 2000 fellingsløyve, vart det ikkje felt meir enn 450 hjort. Det viktigaste framover er difor god kommunikasjon og samarbeid om å fella dei rette individa av hjort, samt å få teke CWD-prøve av alle dyra over 2,5 år. I den førre planperioden var det kunn 72% prøvetaking. Lærdal bør opp i mot 100% prøvetaking, så her er det eit behov for informasjon og opplæring.

Kommunedirektøren kunne, i lys av signala frå sentrale styresmakter, helst sett at det var enda ein planperiode med mål om bestandsreduksjon i Lærdal. Likevel er det grunn til å tru at ein kjem lenger med eit godt samarbeid med grunneigarsida, både på total felling og prøvetaking, enn ved å tilrå ein endring som likevel av erfaring ikkje vil verta følgt opp med auka fellingar. Omsøkt bestandsplan tilfredstiller dei andre formelle krava i § 15 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Kommunedirektøren tilrår difor at omsøkt bestandsplan for hjort i perioden 2026-28 vert godkjend, men med ei tilråding om ytterlegare auka felling.

Kommunedirektøren meiner det no er økonomisk handlingsrom på viltfondet, og at omsøkt støtte til drift er i tråd med § 5 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort og punkt 3 i Lærdal kommune - Retningsliner for bruk av viltfondet. Kommunedirektøren tilrår difor å løyva 40 000 kr årleg i planperioden til drift av bestandsplanområdet, totalt 120 000 kr.